

Kystkommunar i Hordaland

Vår dato

04.03.2014

Kystsoneplanarbeid

Fiskeri og havbruksnærings landsforening (FHL) er ein næringsorganisasjon tilslutta NHO som har til føremål å arbeida for gode rammevilkår for heile sjømatnæringa i Norge.

Havbruksnæringa er ei stor og viktig næring i dei fleste kystkommunane i landet, og er svært avhengig av eit godt samarbeid med politikarar og administrasjon i kommunane.

Det er mange interessentar til areal i kystsona, og det er viktig at alle berørte partar er med i prosessane omkring kystsona på eit tidleg stadium i planarbeidet.

Dei fleste kommunane har ein kystsoneplan som vert rullert med jamne mellomrom.

Vi er interessert i å få melding om når arbeidet med rulling av planen startar slik at vi kan gje innspel under arbeidet. Ein del av dagens av sjøanlegg for matfiskproduksjon er ikkje optimalt plassert, og ut frå ein tanke om best mogeleg utnytting av kystsona kan det vera grunnlag for både etablering av nye lokalitatar og nedlegging av eksisterande lokalitetar. Ei omforent og optimal utnytting av sjøareal kan vera både konfliktdempande og utviklende for næringsliv og annan privat/offentleg bruk av kystsona.

For havbruksnæringa er det og viktig at det er samsvar i kystsoneplanane mellom kommunar langs kysten og dette krev samarbeid mellom kommunane. Grunnen til dette er regelverket frå mellom anna Mattilsyn, Fiskeridirektoratet mv som krev sonedeling og andre produksjonsregulerande tiltak mellom selskapene. Mange selskap har i dag aktivitet i fleire kommunar og dette krev og samordning.

Utfra dette ber vi om å verta orientert på eit tidleg tidspunkt når kommunen startar opp arbeid med kystsoneplan og evt andre planar som berører sjøareal og at kommunen vurderer behovet for samordning av kystsoneplan med nabokommunar.

Ta kontakt om de har spørsmål til dette. Vi stiller gjerne opp med nærmere orientering om havbruksnæringa sine behov i kommunen.

Med helsing

Fiskeri og havbruksnærings landsforening

Hans Inge Algrøy
Regionsjef sør- og vestnorge